

# Norwegian Travel Hub

*Eit nasjonalt løft for eit meir berekraftig og konkurransedyktig  
reiseliv i den digitale omstillinga- gjennom KI og ny teknologi*

[www.berekraftsnettverket.no](http://www.berekraftsnettverket.no)

Bilde av: ChatGPT



**Berekraftig  
Reisemål**

# Kva er “Norwegian Travel Hub”?

## **BAKGRUNN FOR SATSINGA**

Reiselivet står – som mange andre næringer – midt i ein grunnleggjande teknologisk disrupsjon. Med framveksten av kunstig intelligens og lansering av modellar som **ChatGPT**, **DeepSeek** og **Operator**, blir det stadig meir tydeleg at **kundane sine reiseval og bookingar skjer direkte i kanalane til globale teknologiselskap**, utan at reisemåla eller bedriftene eig dialogen med eller dataen til eigne gjester.

Dette inneber eit alvorleg skifte:

- **Marknadsmakt og kundedata glir vekk frå dei lokale aktørane.**
- **Synlegheit og verdiskaping flyttast frå destinasjonen til plattformen.**
- **Evna til å styre utviklinga berekraftig – i tråd med lokale mål og behov – vert svekka.**

**Norwegian Travel Hub** er eit svar på desse utfordringane – og spring ut frå eit felles behov om å finne nye svar på følgjande spørsmål:

- Korleis kan reisemåla og bedriftene ta tilbake **kontroll over distribusjonen** av sine produkt, i ei tid der KI står for stadig større del av kundereisa?
- Korleis sikrar vi **eigarskap til informasjon, data og kundeinnsikt** – og brukar dette som konkurransefortrinn?
- Korleis kan ny teknologi nyttast til å tilby **bettere tenester, styrkja kundeopplevelinga og effektivisere drift** – i samråd med prinsipp for ei berekraftig utvikling?
- Korleis kan vi sikre at utvikling og bruk av KI skjer på ein måte som støttar opp om **etiske prinsipp og berekraft**?

Satsinga byggjer på prinsippa i "Merket for berekraftig reisemål", og legg til grunn at teknologisk utvikling må skje i takt med verdiane vi står for som reiselivsnæring og samfunnsaktørar.

## **UTFORDRINGSBILDET**

### **– SLIK DET BLEI KARTLAGT 19. FEBRUAR 2025**

På oppstartsworkshopen på Gardermoen kartla deltakarar frå reisemål over heile landet eit felles bilet av status for utviklinga i reiselivsbransjen:

- **Låg digital modenheit** i store delar av næringa – spesielt blant små og mellomstore verksemder.
- **Avgrensa ressursar og teknologikompetanse** hjå reisemåla til å drive digital utvikling.
- **Manglande verkemiddel og støtteordningar** som er tilpassa reiselivet sine behov i den teknologiske omstillinga.
- **Lite bransjeforståing** i leiande norske KI-miljø – reiselivet har vore ein “blindsight”.
- **Sterkt behov for ei samla satsing**, med tydeleg forankring i reisemåla, for å gripe moglegheitene og redusere risikoene KI-utviklinga fører med seg.

# Kva er “Norwegian Travel Hub”?

## **MÅLET MED SATSINGA**

Målet med **Norwegian Travel Hub** er å sikre at **norsk reiseliv har eigarskap til eigen framtid** i ei tid der kunstig intelligens og ny teknologi fundamentalt endrar spelereglane for marknad, distribusjon og kundedialog.

Satsinga skal:

- **Gi reisemåla og reiselivsbedriftene kontroll over eiga distribusjon og synlegheit**  
Skap føresetnader for at aktørane sjølve eig og styrer korleis informasjon og produkt vert distribuert og presentert i ein marknad der kunstig intelligens (KI) spelar ei stadig større rolle.
- **Sjå på moglegheita for å bygge ei felles digital infrastruktur eigmendig av bransjen**  
Konseptualisere og diskutere forretningsmodellar rundt ei open, felles plattform som gjer informasjon og produkt tilgjengeleg i maskinlesbar form – optimalisert for bruk i KI-system – samtidig som den fremjar lågenergiløysingar og reduserer digitalt fotavtrykk.
- **Auke verdiskaping og konkurransekraft for reisemål og bedrifter**  
Gje betre grunnlag for treffsikker marknadsføring, betre tenester og djupare kundeinnsikt gjennom strukturert databruk og digitale verktøy.
- **Sikre bruk av teknologi i tråd med berekraft og besøksstyring**  
Teknologien skal støtte opp om nasjonale og lokale mål for berekraft, mellom anna ved å fremje god besøksflyt, lokal verdiskaping og ansvarleg reiselivsutvikling.
- **Samle og sikre betre utnytting av kunnskap om berekraftige reisemål**  
Etablere ein felles kunnskapsplattform eller intern portal der data, innsikt og erfaringar om utviklinga av berekraftige reisemål kan samlast, delast og analyserast ved hjelp av KI – for betre beslutningsstøtte og samhandling på tvers av aktørar og nivå.

Norwegian Travel Hub er ikkje ein "quick fix", men eit **langsiktig og strategisk løft** for å rigge norsk reiseliv for framtida – og sørge for at næringa sjølv eig relasjonen til kunden og verdien i datagrunnlaget.

## **ORGANISERING OG PARTNARSKAP**

**Norwegian Travel Hub** er eit nasjonalt initiativ med lokalt eigarskap, leia av **NDBR**, og bygd på prinsippa frå «Berekraftig Reisemål». Reisemåla står i førarsetet som eigrar av data, drivkrefter i utviklinga og mobilisatorar for eiga reiselivsnæring.

**EDIH Oceanopolis** er formell partnar og eit EU-støtta digitaliseringssenter med ekspertise innan kunstig intelligens og datadeling. Dei leverer kompetanseløft, teknologisk rettleiing og konseptutvikling gjennom fagdager og praktiske case.

Kvart reisemål deltek gjennom eigen avtale med EDIH og inngår i eit konsortium som sikrar delt ansvar, felles læring og nasjonal tyngde.

# Praktisk gjennomføring

## EI SATSING I TRE FASAR

Satsinga er delt inn i tre fasar som byggjer på kvarandre, og som blir gjennomført i tett samarbeid med **EDIH Oceanopolis**. Modellen kombinerer fysiske fagdager med praktisk arbeid og lokal forankring.

- **Fase 1 (Haust 2025): Forstå og definere behov**  
Kartlegging av digital status, felles læring gjennom fagdager, og utvikling av lokale AI-case. Dette skjer gjennom fire fagdager/workshops og oppgåver følgt opp mellom kvar samling av reisemåla.
- **Fase 2 (Vinter 2025–2026): Utprøving og testing**  
Teknisk utvikling og testing av konsept i praksis, inkludert datakartlegging, prototypebygging og evaluering. EDIH stiller med støtte og teknisk fasilitering.
- **Fase 3 (Vår 2026): Skalering og vidareføring**  
Utrulling av løysingar, utvikling av forretningsmodellar og etablering av varig struktur for vidare samarbeid og drift på tvers av reisemål.

Gjennom alle fasar er reisemåla aktive partnarar – både som testarenaer og som eigarar av resultat og innsikt.

## FASE 1: EIT UTVIKLINGSLØP FRÅ SEPTEMBER-OKTOBER 2025

Gjennom fire workshops skal ein auke samla kompetanse knytt til den teknologiske utviklinga, og definere og konkretisere første AI-konsepta basert på lokal innsikt og felles metodikk:

- **Workshop 1: Målbilde og gevinstrealisering**  
– Kartlegg no-situasjon og definer kva verdiar og mål destinasjonen ønskjer å realisere med KI.
- **Workshop 2: Data og deling**  
– Lær om verdi i data, datakvalitet, struktur og behov for felles datamodellar i reiselivet.
- **Workshop 3: Caseutvikling og prototyping**  
– Utform og vidareutvikle konkret AI-case som kan testast i neste fase.
- **Workshop 4: Evaluering og vidare retning**  
– Samla vurdering av framdrift og potensial for vidareføring i fase 2.

Mellan samlingane skal kvar destinasjon arbeide vidare med eigne prioriteringar, forankring lokalt og utvikling av innspel til det vidare konseptarbeidet.

Det blir lagt opp til ei fysisk samling i starten av fase 1, medan dei resterande workshopane gjennomførast digitalt. **NDBR dekker reisekostnader for deltakarar frå nettverket til den fysiske samlinga.** Alle deltakarar bidreg med **eigeninnsats i form av timer** i gjennomføringa av fase 1, som ein del av det felles utviklingsløpet.

# Deltakarmodell

## **ORGANISERING OG PARTNARSKAP**

**Norwegian Travel Hub** er eit nasjonalt initiativ med lokalt eigarskap, leia av **NDBR**, og bygd på prinsippa frå «Berekraftig Reisemål». Reisemåla står i førarsetet som eigarar av data, drivkrefter i utviklinga og mobilisatorar for eiga reiselivsnæring.

**EDIH Oceanopolis** er formell partnar og eit EU-støtta digitaliseringssenter med ekspertise innan kunstig intelligens og datadeling. Dei leverer kompetanseløft, teknologisk rettleiing og konseptutvikling gjennom fagdagar og praktiske case.

Kvart reisemål deltek gjennom eigen avtale med EDIH og inngår i eit konsortium som sikrar delt ansvar, felles læring og nasjonal tyngde.

## **KVA FÅR DITT REISEMÅL IGJEN AV PROSJEKTET?**

Ved å delta i Norwegian Travel Hub får kvart reisemål tilgang til eit strukturert utviklingsløp som styrker både kompetanse, teknologiforståing og strategisk posisjon. Gjennom samarbeidet med EDIH Oceanopolis får ein rettleiing frå ekspertar på kunstig intelligens og digitalisering, og støtte til å utvikle konkrete AI-case tilpassa lokale behov. Deltaking gir også ein viktig posisjon i eit nasjonalt fellesskap, der ein står sterkare saman i møte med globale plattformer og teknologiar – med moglegheit til å styrke lokal verdiskaping, betre besøksstyring og framtidig konkurranseskraft.

## **KVA MÅ DITT REISEMÅL BIDRA MED INN?**

- Delta aktivt i **fire workshopar** i løpet av september–oktober 2025 (ei fysisk, tre digitale)
- Gjennomføre ein **digital modenheitstest** ved oppstart og avslutning av fase 1
- Arbeide vidare mellom samlingane med **lokal forankring, prioriteringar og utviklingsarbeid**
- Inngå **eigen avtale med EDIH Oceanopolis** og handtere administrativ oppfølging
- Bidra med **eigeninnsats og eigne timer** frå tilsette og eventuelle samarbeidspartnarar. NDBR dekker reiseutgifter for eigne medlem ved fysiske samling i fase 1.
- Vere ein **mobilisator for eigen reiselivsnæring**, og involvere lokale bedrifter og aktørar i utviklingsløpet der aktuelt.

## **AVTALEINNGÅING**

For å delta må kvart reisemål:

**1. Gjennomføre ein digital modenheitstest** som kartlegg status og gir grunnlag for vidare arbeid. Dette er eit krav for å utløysa **EU-finansiering gjennom EDIH**.

**2. Søke om deltaking hos EDIH Oceanopolis** via digitalt skjema – mal for utfylling blir delt ut.

**3. Inngå ein avtale med EDIH**, der reisemålet betaler kr 30.000 eks. mva. for fase 1. Beløpet blir refundert etter gjennomføring, jf. støtteordning frå EDIH.

Avtalen sikrar tilgang til tenester, rådgiving og fagsamlingar til ein samla verdi av kr 650.000 i prosjektet.